

Møtereferat

Dato: 10.11.2017

Emne:	Møtereferat - styringsgruppa 01.11.2017	
Til stades:	Mads Kleven, Atle Rasmussen, Rita Jordal, Rolf Arve Haugstvedt, Linda Farestveit, Ann Elin Hansen, Sølvi Olrich Sørebo, Ola Dahl Andersen og Hege Osebakken Hermod Kirkeli i sak 13/17	
Forfall:	Sissel Øverdal, Inge Bauge, Morten Mjeldheim	Sak: 2017/1228-10
Møtetid:	01.11.2017 kl 1000 - 1300	Møtestad: Forskjønnelsen

Møteleiar: Møteleiar: Hege B. Osebakken**Referent: Ola Dahl Andersen og Hege B. Osebakken**

I Sissel Øverdal sitt frávær ønska Hege B. Osebakken velkommen. Det var ingen merknader til innkalling, saksliste eller saker til eventuelt. Referatet frå møte 03.05.2017 blei godkjent utan merknader.

Sak 13/17 Ein liten rapport frå feltet så langt - frå YFK ved Stord vgs

Hermod Kirkeli, YFK ved Stord vgs, presenterte på vegne av YFK kort om kva dei har gjort så langt. Kort oppsummert.

Prioriterte oppgåver som YFK har hatt så langt

- Kartlegging
- Førebu elevane på å bli ein aktiv søkjar
 - Sikre fokus på søknad og CV-skriving
- Nytte faget YFF optimalt – også på VG1
 - Skulane må samkjøre og samarbeide mellom skulane med gjennomføringa av faget. Prosjektet har sett at det er eitt stort behov for koordinering.
- Støtte i overgangen til lære
 - Tidlegare læreplasskurs, for dei kvalifiserte utan tilbod som ønsker det. Mål om læreplass eller praksisplass gjennom NAV

Innspel frå styringsgruppa

- Spørsmål om det er gjort nokre trekk ned mot ungdoms skule for å sjå på kvalifikasjonar, evner og interesse med tanke på at vgs skal produsere kvalifiserte søkjarar. Dette bør trekkast inn i prosjektet.
- Innspel på at skulane må organisere YFF betre, så det blir overkommelig for bedriftene som skal ta imot elevane.
- Viktig at prosjektet får belyst at det er å ha tilført ein YFK som gjer effekt.
- Det må lages ein plan for korleis gripe fatt i utfordringane knytt til ikkje kvalifiserte mellom vg1 og vg2. Det er slik at skolen skal ikkje stanse noen, men gi alle en kompetanse

- Utfordring til arbeidslivet, korleis bør utplassering organiserast? Tilpasse behova og dei lokale ulikskapane frå skule til skule og fag til fag, her trengjer ein gjerne dra hjelp frå næringsliv/opplæringskontor.
- YFK sa dei hadde møtt på motstand. Eks at lærarar ikkje ville att bedriftsopplysningar skulle delast med andre, enkelte lærarar mistenkte ein form for overvaking og utfordrande å få respons på epost sendt til lærarane. Styringsgruppa ville ikkje kalle det motstand. Leiinga på skulane må hjelpe å formidle viktigheten av det som etterspørs og prosjektet må ha forståing for at det er travelt hos den enkelte lærer.

Sak 14/17 Behov for forlenging av prosjektet – sak sendt til politisk behandling

Følgjande innstilling:

- 1. Prosjektperioden vert forlenga ut 2019.**
- 2. Prosjektet skal evaluerast på ny undervegs, og det blir rapportert til fylkestinget oktober 2018**
- 3. Eit eventuelt pilotprosjekt med forskning i samarbeid med Handelshøyskolen BI vil kome til politisk behandling i ny sak.**

Kort oppsummert:

- Dei fem yrkesfaglege koordinatorane tok til 1. juni 2017,
- Prosjektgruppa har vore på studietur til Trøndelag for å få erfaringsdeling frå Sør- og Nord-Trøndelag.
- Eit systematisk arbeid på prosjektskulane skal sikre ei heilskapleg fag- og yrkesopplæring i Hordaland. Det skal utviklast eit tett samarbeid mellom skulane og arbeidslivet.
- Prosjektet skal utvikle nye måtar å arbeide med ungdomane og deira veg til læreplass. System og metodar som vert utvikla, skal kunne implementerast på alle dei yrkesfaglege skulane etter prosjektperioden.
- Ei fag- og yrkesutdanning startar på Vg1, og eleven si reise fram til fag- eller sveinebrev tek mellom 4 og 5 år. Det er avgjerande for prosjektet at det ikkje stoggar opp midt i desse åra

Under dette punktet hadde styringsgruppa mange gode innspel. Nokre av desse omhandla ikkje direkte dette punktet, men me tar dei med her.

- Nokre i styringsgruppa meiner at prosjektet ikkje er kome langt nok, det er gjort for lite og ikkje nok konkret. Vi har dårlig tid, så det må komme resultat raskt. Må løftas tydligare til systemnivå. Kva kan prosjektet gjere annleis? Andre meiner det er eit viktig kartleggingsarbeid som blir gjort i prosjektet og at varige endringar er målet og at det tar tid å gjennomføre endringar, og kva som skal komme ut av prosjektet er for tidlig å sei no.
- Å ha mål om å trekke YFK heilt ut av skulen etter prosjektperioden er litt defensivt. Viktig at prosjektet synleggjør behovet for ressursar til å drive koordinasjon og arbeid med systemet. Utpøving av ei litt desentralisert fagopplæring. Prosjektet kan kanskje belyse om det er lurt eller ikkje.
- Fokus på dimensjonering og på rådgiving i ungdoms skulen. Korleis er dette med rådgiving organisert i dag. Dette må samkjørast og bli HFK sitt ansvar.

- Prosjektet må komme med tydlegare planar for gjennomføring. Det må bli fokus på leveransmåla i prosjektet.
 - Klar plan for formidling – må være klar til å starte 1. januar. Må konkretisere mål, kven gjør kva i denne handlingsplanen.
 - Prosjektleiinga kallar inn til ekstra møte med rektorane i prosjektskulane– presisere viktigheten av at rektorane tek formidling på agendaen. Ta med at det er en bekymring i styringsgruppen om vi er på rett vei.
 - Prosjektleiinga inviterer seg ut i møte med kvar skule si leiargruppe. Møta skal være gjennomførte innan desember 2017.

Sak 15/17 Økonomi - status

Økonomien ligg slik den er budsjettet.

Det er ført 2,241 mill. kr i lønn for 2017
Andre kostnader netto er på ca. 200 000,-

Dersom kostnadene for resten av året blir som forventa, vil kostnadane for 2017ende på omtrentlig 3,118 mill kr. og prosjektet ha et mindreforbruk på ca 1,4 mill. kr.

Sak 16/17 Evaluering av prosjektet

Ei eiga avdeling i fylkeskommunen, FIA (forskning, internasjonalisering og analyse), skal gjennomføre evaluering av prosjektet. Det vil bli sendt ut spørjeskjema til skulane, lærarar og bedrifter.

Når det gjeld lærarane, er det fokus på YFF og rolla rundt formidling. Her ønskjer FIA å gjennomføre gruppeintervju. Dei har bede YFK velje ut gruppa.

Innspel frå styringsgruppa om at gjerne rektor bør sette saman gruppa med lærarar som skal intervjuast.

Sak 17/17 Møteplan

Det vart vedteke å sette opp to møter i SG for fyrste halvdel av 2018.

18.01.2018 klokka 10.00-12.00
30.05.2018 klokka 10.00- 12.00

Møte tid for 2. halvdel 2018 vil SG komme attende til.

Sak 18/17 Eventuelt

Det var ingen saker under eventuelt. Det kom gode innspel under dei andre sakene.